

# ÅRSMELDING 2017

## NORDDAL KOMMUNE



## Innhold

Rådmannen sine kommentarar .....	3
Innleiing .....	3
Hovudutfordringar og mogelegheiter framover .....	5
Befolkning, økonomiske hovudtrekk og nøkkeltal .....	6
Måloppnåing.....	6
Folketal.....	6
Økonomiske nøkkeltal og analysar .....	7
Driftsrekneskapen 2017 –hovudtal.....	8
Investeringar 2017.....	9
Balanserekneskapen .....	9
Tenestene.....	10
Sentraladministrasjon .....	10
Økonomiske resultat rådmann.....	10
<b>Mål</b> .....	10
<b>Årsverk</b> .....	11
<b>Økonomiske resultat fellestenestene</b> .....	15
Mål .....	15
Årsverk .....	19
* Auka årsverk grunna spesialpedagogisk undervisning og meir vaksenopplæring.....	19
Økonomiske resultat.....	19
Utfordringar i tida som kjem.....	19
<b>Mål</b> .....	20
<b>Økonomiske resultat</b> .....	21
<b>Utfordringar i tida som kjem</b> .....	22
<b>Teknisk, næring og miljø</b> .....	22
<b>Mål for eit samla TNM</b> .....	22
<b>Utfordringar i tida som kjem</b> .....	23
<b>Årsverk</b> .....	24
<b>Økonomiske resultat</b> .....	26
<b>Utfordringar i dei næraste åra for eit samla TNM</b> .....	29
Kommunestyret - saker i 2017 .....	30

## Rådmannen sine kommentarar



### **Innleiing**

2017 har på vore eit svært krevjande år for Norddal kommune. Spesielt Arbeidstilsynet sitt tilsyn med Norddal kommune sitt systematiske arbeid med arbeidsmiljøet, gav både det administrative og politiske nivå store utfordringar. Tilsynet avdekkja fleire avvik det har vore ressurskrevjande å lukke. Likevel er vi no tilfreds med at avvika er lukka og at ein har fått bygd opp ein systematikk som skal sikre eit trygt og godt arbeidsmiljø for alle tilsette. Likevel vil vi oppretthalde fokus på dette området for å sikre at dei prosedyrer og rutineane ein har utarbeida vert utført i praksis.

I løpet av 2017 har det vore store utskiftingar i det øverste administrative nivået. Både rådmann, assisterande rådmann, økonomisjef og personalkonsulent har valt å seie opp stillingane i kommunen. Enkelte søkte nye utfordringar, medan andre gikk over til pensjonistlivet. I store deler av året har fleire av desse stillingane stått vakant. Dette skapte stor slitasje på dei øvrige tilsette i organisasjonen, og krevde rask prosess for å etablere ny leiarstruktur. Med bakgrunn i dette fikk konstituert rådmann fullmakt til å bygge ein ny organisasjon der ein gikk tilbake til flat struktur. Dette kom på plass ved inngangen til 2018.


### **Kommuneøkonomi**

Arbeidet med kommuneøkonomien har vore eit prioritert område også i 2017, ettersom det fortsatt er behov for å balansere utgifter og inntekter. Driftsutgiftene i einingane er for høge sett i høve til budsjett, sjølv om driftseiningane viser god budsjettdisiplin.

Fokus på god økonomistyring gir resultat, men Norddal kommune det ser ut til å verte eit meirforbruk på om lag 1,5 mill. kr. i 2017.

### **Arbeidsmiljø:**

Arbeidsmiljøutvalet har i 2017 hatt unormalt mange møter og handsama omfattande saker i samband med lukking av avvik etter tilsyn frå Arbeidstilsynet. Organisasjonen har no fått revidert *Personalbok Internkontroll* som vil vere til stor hjelp for å ivareta arbeidsmiljøet.



I desember avla 21 leiarar i Norddal kommune eksamen i leiartreningsprogrammet Kvardagskommunikasjon. I løpet av studiet har deltakarane utvikla «Leiarhandbok for leiarar i Norddal kommune». Handboka skal vere eit praktisk verktøy og danne standard for godt leiarskap i kommunen.

#### **Kommunereform:**

Arbeidet med kommunereform har også i 2017 vore ein sentral del av kommunen sitt arbeid, og dette førte til at ein signerte intensjonavtale om samanslåing med Stordal kommune 13.12.2016. I løpet av 2017 har ein tilsett Hilde Dyrkorn som prosjektleiar for kommunesamanslåinga, fellesnemnd vart etablert i august og ein har etablert øvrige lovpålagde utval for vidare arbeid.



## Hovudutfordringar og mogelegheiter framover


Økonomi, nedgang i folketal, høgt sjukefråvær i deler av organisasjonen, næringsutvikling, rekruttering av nødvendig kompetanse og alderssamansetning i befolkninga vil fortsatt vere hovudutfordringar i tida som kjem. Dimensjonering av tenestene og tenestestruktur må tilpassast desse utfordringane.

Så langt har samanslåingsprosessen med Stordal gitt ny energi i organisasjonen. Rådmannen opplever glød og inspirasjon frå dei tilsette i arbeidet med bygginga av Fjord kommune. Dette vil kunne vere med på å utvikle ein sunn organisasjon med fokus på utvikling av kvalitativt gode tenester.

Arbeid med kommunereform, grensejustering og lukking av avvik etter tilsyn, viser at vi har stort behov for å finne gode måtar å samhandle på. Kvardagskommunikasjon er eit ord eg ønskjer å innarbeide i organisasjonen. Stikkord; *informere, lytte og forstå*.

## KOMMUNIKASJONSTRAPPA

KOMMUNISERT /  
LÆRT



## Befolkning, økonomiske hovudtrekk og nøkkeltal

### Måloppnåing

Gjennom året har det vore prognose for stort meirforbruk i dei fleste sektorane. Dette kjem av høgt driftsnivå og ekstraordinære utgifter. Sjølv med sterkt fokus på økonomistyring og høgare inntekter enn budsjettet, vart det eit meirforbruk på om lag 1,7 mill. kr. i 2017. Prognosen for meirforbruk var etter rekneskap i februar på om lag 4,2 mill. kr.

### Folketal

Folkemengde etter grunnkrets	2014	2015	2016	2017	2018	Endring 2014-18	Endring prosent
15240101 Muri	340	325	326	338	341	1	
15240102 Sylte	154	147	146	153	162	8	
15240103 Uri	140	143	149	147	142	2	
15240104 Gjerde	212	238	235	223	223	11	
15240105 Alstad	75	72	66	64	67	-8	
15240106 Fjørå	161	154	155	148	149	-12	
15240107 Tafjord	101	99	94	100	95	-6	
15240108 Dalsbygda	145	146	150	151	148	3	
15240109 Eide	103	102	98	101	97	-6	
15240110 Rønneberg	86	86	87	90	89	3	
15240111 Ytterdal	166	161	142	146	148	-18	
15249999 Uoppgitt grunnkrets	2	3	4	2	9	7	
	<b>1685</b>	<b>1676</b>	<b>1652</b>	<b>1663</b>	<b>1670</b>	<b>-15</b>	<b>- 0,89%</b>

## Økonomiske nøkkeltal og analysar

### Frie inntekter

Rammetilskotet skal dekke ulike oppgåver som kommunane får. I 2012-2014 var medfinansiering av helseføretaka ein del av rammetilskotet. Ein kan derfor ikkje samanlikne dei ulike åra ettersom kommunen har fått tildelt ulike oppgåver.

Det vart stor auke i skatteinntektene i 2017 i forhold til dei siste åra. Stor reduksjon i eigedomsskatt

beløp i 1000 kroner	2013	2014	2015	2016	2017
Rammetilskot	67 059	69 926	69 311	70 175	69 111
Skatt på formue og inntekt og naturressursskatt	43 840	43 261	43 658	45 958	50 740
Eigedomsskatt	21 925	21 868	21 012	20 116	15 710
Konsesjonskraft	7 294	7 975	7 149	3 686	4 623
Andre generelle statstilskot					20 500
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>140 118</b>	<b>143 030</b>	<b>141 130</b>	<b>139 934</b>	<b>160 684</b>

### Kraftinntekter

Norddal kommune har inntekter som er knytt til kraftproduksjon. Desse inntektene er redusert siste åra.

Konsesjonsavgifta skal nyttast til næringsutvikling i kommunen, og kan ikkje brukast til andre driftsoppgåver.

Beløp i 1000 kroner	2013	2014	2015	2016	2017
Konsesjonsavgifter	2 761	3 055	3 031	3 031	3 030
Naturressursskatt	10 407	10 199	9 757	9 329	9 268
Eigedomsskatt på kraftproduksjon og nett	21 630	21 573	20 720	19 854	13 921
Konsesjonskraft	7 294	7 975	7 149	3 686	4 623
Aksjeutbytte Tafjord	3 741	3 806	1 738	1 240	1 571
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>45 833</b>	<b>46 608</b>	<b>42 395</b>	<b>37 140</b>	<b>32 413</b>



## Finans

Rentenivået er svært lågt. For 2018 ser ein ein viss auke i rentenivået.

Ansvarleg lån til Tafjord Kraftproduksjon på 14 millionar har rentevilkår Nibor 6 mnd pluss 2 prosent.

Finansinntekter i 1000 kr	2013	2014	2015	2016	2017
Renteinntekter bank	265	357	310	304	539
Rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken				676	573
Renteinntekter Tafjord Kraft AS	397	545	487	455	451
Aksjeutbytte	3 741	3 806	1 738	1 271	1 603
Utbytte/gevinst Elverkfondet	2 572	1 138	1 238	1 143	1 764
<b>Finansinntekter</b>	<b>6 975</b>	<b>5 846</b>	<b>3 773</b>	<b>3 849</b>	<b>4 930</b>

Finansutgifter i 1000 kr	2013	2014	2015	2016	2017
Renteutgifter	3 301	3 167	2 606	5 330	4 536
Tap på finansielle instrumenter			1 640	0	0
Avdragsutgifter	5 865	6 303	6 557	11 624	11 195
<b>Renter og avdrag</b>	<b>9 166</b>	<b>9 470</b>	<b>10 803</b>	<b>16 954</b>	<b>15 731</b>

## Driftsrekneskapen 2017 -hovudtal

Frå skjemaet økonomisk oversikt - drift har vi dette samandraget:

beløp i 1000 kr	2013	2014	2015	2016	2017
Driftsinntekter	-187 860	-188 687	-191 096	-194 619	-216 541
Driftsutgifter	191 138	194 414	192 325	192 882	201 093
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>3 278</b>	<b>5 727</b>	<b>1 228</b>	<b>-1 737</b>	<b>15 448</b>
Eksterne finanstransaksjonar	2 155	3 670	7 181	13 796	11 551
Motpost avskrivning	-5 672	-5 421	-5 383	-13 206	-15 327
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-240</b>	<b>3 976</b>	<b>-3 026</b>	<b>1 148</b>	<b>19 224</b>
Bruk/avsett til fond	1 840	-3 976	3 778	-112	20 752
Overført til investering	1 981	0	0	0	0
<b>Meir/mindreforbruk</b>	<b>-3 581</b>	<b>0</b>	<b>752</b>	<b>1 035</b>	<b>-1 528</b>

Driftsutgiftene var i 2014 194 millionar. Med tre prosent løns- og prisstigning og justering for medfinansiering av helseføretaka ville driftsutgiftene ha vore om lag 212 millionar dersom det ikkje hadde vore sett i verk tiltak for å ta ned driftsnivået. Det vil seie at driftsnivået er redusert med 11 millionar dei siste åra.



## Investeringar 2017

Brutto investeringar 2017	Rekneskap 2017
Digitalisering med tilskot	36 250
eKommune Sunnmøre	83 537
IKT-investeringar	197 303
Tiltak mot radongass	9 619
Eidsdal skule - inventar og utstyr	153 061
Legekontoret - medisinsk utstyr 2017	301 221
Eidsdal omsorgsbustader - arbeidsmiljøtiltak	26 716
Dagsenter demens PLO	113 467
Hjellevegen	121 327
Flaumskade 06.12.2016	347 633
Vassverk utbygging	23 999
Brannbil 2017	524 854
Bygg Valldal Fjernvarme AS	2 892 942
Martin Linge hust - rulleamfi	1 250 000
Inventar og utstyr Martin Linge huset	294 919
VTS og omsorgsbustader - IKT-kabling	683 084
Sal av Fjørå Barnehage	126 131
	<b>7 186 063</b>

Fleire av prosjekta som det var gitt løyving til er ikkje kome i gang.

## Balanserekneskapen

Det er stor auke i balansepostane på grunn av at verdiane eigedomsselskapet vart overført til kommunen i 2017.

beløp i 1000 kr	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
Anleggsmidlar	705 655	696 034
Omløpsmidlar	88 422	65 269
<b>Sum eigedelar</b>	<b>794 077</b>	<b>761 303</b>
<b>Eigenkapital og gjeld</b>		
Eigenkapital	-182 186	-150 648
Langsiktig gjeld	-578 634	-581 423
Kortsiktig gjeld	-33 257	-29 232
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<b>-794 077</b>	<b>-761 303</b>
<b>Memoriakonto:</b>		
Ubrukte lånemidlar	4 783	4783

Langsiktig gjeld består av pantegjeld og pensjonsforpliktingar. Lånegjelda er på 280,8 millionar.

## Tenestene

### Sentraladministrasjon

#### Økonomiske resultat rådmann

Rådmann	Regnskap 2017	Budsjett 2017	Avvik	Avvik i %
Politisk styring	1 704 285	1 944 000	19 348 286	995
Revisjon	689 523	713 000	-23 477	-3
Rådmannsleiing	1 779 368	1 471 000	308 368	21
Reservert lønsoppgjer	0	964 000	964 000	-100
Pensjonspremieavvik	-112 437	-42 000	-78 437	168
Kyrkja	1 570 000	1 570 000	0	0
Andre livssyn	50 904	54 000	3 096	-6
<b>Sum</b>	<b>5 681 643</b>	<b>6 674 000</b>	<b>18 595 644</b>	<b>279</b>

#### Fellestenestene

##### Mål

Oppgåvene som er lagt til fellestenestene skal ha eit høgt fagleg nivå. Heilskapstenking skal vere i fokus, og servicetanken skal vere godt forankra i utføring av tenestene.

Organisasjonen er i stadig utvikling, ei framtidig målsetting er at tenestene til publikum skal tilpassast for å tilfredsstille eit digitalt førsteval med døgnopen forvaltning. Interntenestene skal utviklast slik at optimal flyt blir sikra, roller og ansvar skal vere tydeleg skissert og fordelt.

Arbeidsfeltet for fellestenestene er omfattanda og relatert til støttefunksjonar, saksbehandling for fagområda, utviklingsoppgåver, publikumskontakt m.m.

Fellestenestene har vore eigen avdeling i rådmannen sin stab og omfatta i 2017:

- Økonomiavdelinga
- Personalfunksjon
- Servicetorget
- Informasjon
- Beredskap
- Flyktingtenesta
- IT (kjøpte tenester hos eKommune)

*Etter endra organisering frå januar 2018 er det gjort omfattande endringar, fellestenestene er definert som eiga eining. Jf. organisasjonskart.*



## Årsverk

Fellestenestene	2014	2015	2016	2017-18	31.12.2018
Fellestenester	10,7	8,7	8,7	7,3*	4,9**
Informasjon og beredskap	0,2	0,6	0,4	0,4	0,4
Flyktingetjeneste			1,0	0,3	0,25
<b>Sum Fellestenester</b>	<b>10,9</b>	<b>9,3</b>	<b>10,1</b>	<b>8,0</b>	<b>5,55*</b>

\*7,3 årsverk = stillingar i økonomiavdelinga og servicetorget, jf. tidlegare organisering. Personalfunksjon vart sett vakant frå april 2017 og er dermed ikkje med i sum årsverk pr. 31.12.17.

\*\*Forutan dei faste 4,3 stillingane er det lyst ut eit engasjement i 60% stilling i perioden fom.april 2018 - tom. des.2019. Dette i samband med eit omfattande prosjekt for ordning av eldre arkivmateriale. Etter omorganisering til to-trinnsmodell frå 01.01.2018 er årsverk knytt til økonomiavdelinga tekne ut av «fellestenestene», og framstår frå 2018 som eigen avdeling.

## Administrative/faglege resultat

### Økonomiavdelinga

I tillegg til økonomisjef har ein i 2017 hatt 1 stilling som konsulent lønn og 1 stilling knytt til rekneskap/faktura. Del av stilling som personal- og økonomikonsulent (50% knytt til økonomi), var i samband med nedbemanningsprosessen tenkt redusert til 50% stilling som personalkonsulent. Sidan vedkomande som var tilsett valde å seie opp stillinga, stod denne vakant i perioden april – desember 2017. Økonomisjefen slutta i stillinga i november 2017. Vakanse i stilling gav utfordringar på slutten av rekneskapsåret. Innleigd ressurs frå Stordal

kommune samt fleksibilitet frå nyttilsett økonomisjef, gjorde at arbeidet i ein krevjande arbeidsperiode vart godt gjennomført.

### **Personalfunksjonen**

Arbeidsområdet har hovudsakleg vore innan rekruttering/tilsetting, pensjonskontakt, HMS-handtering og forsikring. Personalfunksjonen var fram til des. 2017 ein støttfunksjon for kommunalsjefar og einingsleiarar og lagt til fellestenestene. I perioden med vakanse i stillinga vart dei ulike oppgåvene fordelt på tilsette knytt til dåverande rådmannsteam.

Det vart gjort eit omfattande arbeid med utarbeiding/revidering av IK-handbok i etterkant av tilsyn frå Arbeidstilsynet. Dette i regi av dåverande assisterande rådmann som organiserte arbeidet. Bedriftshelsetenesta vart engasjert i prosjektet med utarbeidinga saman med ei oppnemnd gruppe frå houdtillitsvalde, hovudvernombod og tilsett i administrasjonen. Handboka vart godkjent i AMU og avvik vart lukka.

Kommunen manglar framleis eige kvalitetssystem for HMS som stettar dagens krav.

Tilbod om bedriftshelseteneste vart sendt ut på anbod tidleg på året 2017, avtale med Medi 3 vart inngått fom. 1.juli 2017.

Frå januar 2018 er det tilsett personalsjef i 100% stilling, etter ny organisering inngår stillinga i rådmannen sitt leiarteam.

### **Servicetorget/Fellestenestene**

Tenestene i servicetorget/fellestenestene er omfattande i innhald og form, og inneber både publikumsretta tenester og interne tenester. Det blir utført saksbehandling innan fleire fagfelt og felles informasjon og interne rutiner blir følgd opp. Servicetorget har også funksjon som beredskapssekretariat. Tilsette er involvert i ulike arbeidsgrupper for nye Fjord kommune. Møteaktivitet kring dette har vore merkbar og starta i slutten av november 2017.

- **Politisk sekretariat** står for samordning, saksutsending, sekretærarbeidet i møte og utsending av vedtak, samt saksbehandling i enkeltsaker. Førebuing, gjennomføring og etterarbeid etter Stortingsvalet 2017 var eit viktig og tidkrevjande arbeid gjennom året. I tillegg har møtesekretær fått eit omfattande oppdrag i samband med samordning av møtesaker, innkallingar og utskrifter for fellesnemda. Ein har førebels ikkje implementert sakssystem som handterer dette på ein god måte, noko som fører til utfordringar og meirarbeid for sekretariatet.
- **Dokumentsenteret** er ansvarleg for dagleg dokumenthandtering, elektronisk registrering og arkivering av dokumentasjon som skal bevarast i framtida. Betydninga kring rett registrering og fullført saksbehandling er alfa-omega i denne samanhengen. Det blir stilt strenge krav gjennom lovverk om korleis dokumentfangst skal foregå. I 2016 hadde kommunen tilsyn frå Arkivverket, der fristen for oppretting av avvik var sett til ulike tidspunkt i løpet at 2017. Siste del av avvika skal vere lukka innan 16.04.2018.

For å kunne utføre ei fagleg forsvarleg arkivteneste er det viktig å ha tilstrekkeleg kunnskap kring fagfeltet. Ny arkivforskrift vart gjeldande frå januar 2018. Arkivleiar har ansvar for langsiktig planlegging av arkivtenesta i organisasjonen. For meir informasjon om rutiner og retningslinjer, sjå [www.arkivplan.norddal.kommune.no](http://www.arkivplan.norddal.kommune.no) Arkivplanen er under kontinuerleg oppdatering og gir oversikt over alt frå daglege rutiner, arkivseriar, it-system, interkommunale samarbeid osv.

I vår digitale kvardag er det viktig at verdfull dokumentasjon blir arkivert i saka det tilhøyrrer. Sidan mykje korrespondanse foregår via epost og sms er det særskild viktig at slik informasjon blir teken vare på der dette inngår som vesentleg betydning i den enkelte saka.

Kommunen er tilslutta Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS. Deira slagord er «*Fortid og notid for framtida*». Arkivarbeidet er nettopp eit arbeid for framtida!

Planlegging for avlevering av eldre arkivmateriale har starta. Med om lag 300 hyllemeter papirarkiv vert dette eit nitidig arbeid som er planlagt over ein 3årsperiode. Til dette krevst ein ekstra ressurs som er avsett i framtidige budsjettmidlar.

- **Teknisk fagområde** Arbeid knytt til vedlikehald av avgiftsgrunnlag og innkreving av kommunale avgifter er eit viktig område innan fagfeltet, og det er ein føresetnad på ulike samarbeid med m.a. ÅRIM er velfungerande. At oppdatert planverk ligg føre, ajourhald i matrikkelen gjennomført m.m., er ein føresetnad for å kunne yte god service. Betalingsattsar er no lagt ut i eit samla dokument på heimesida, noko som også gjer det lettare for publikum å orientere seg om gjeldande gebyr. Eit ordningsprosjekt knytt til digitalisering av eldre eigedomsarkiv vil vere eit «must» for uthenting av informasjon i framtida.
- **Landbruk** Arbeid knytt til tilskotsordningar og stønadsordningar innan landbruket blir utført av saksbehandlar i servicetorget. Det er oppbygd god kompetanse innan feltet dei siste åra, og det er kjent at det er gjort ei omlegging av saksbehandligna/ordningane i inneverande år. Pålagte prøvar innan plantevern og jegerprøveeksamen er og oppgåver som blir samordna av saksbehandlar i servicetorget, samt ajourhald og kontrollar m.m.

### **Flyktningtenesta**

Dette var eit nytt område som vart lagt til fellestenesta etter mottak av 5 flyktingar frå Eritrea i des. 2015. Busettings- og integreringsarbeidet har blitt samordna av flyktningkonsulenten, delen av introduksjonsprogrammet knytt til undervisning er følgd opp av vaksenopplæringa på Valldal skule. Flyktningkonsulenten som opprinneleg var tilsett i 100% stilling vart redusert til 50%, samt at resterande del av stillinga vart knytt til vaksenopplæringa på Valldal skule. Frå august 2017 var stillinga redusert, frå januar 2018 tilsvarar denne delen omlag 25% stilling. Dette med grunngjeving i at kommunen ikkje har gjort vedtak å ta imot fleire nye flyktingar, og at integreringsarbeidet vil kunne gjennomførast med redusert bemanning.

## Årsmelding 2017

Ein ser likevel at det totalt er fleire involverte i arbeidet, knytt til fleire budsjettansvar.

Våren 2017 skjedde familiegjenforening i samband med at eit barn frå Eritrea kom til kommunen. Barnet vart først integrert i barnehage og går inneverande år i 1. klasse.

### **Informasjon**

Det har vore for lite arbeid med heimeside og intranett i 2017 p.g.a. lang sjukmelding. Dette arbeidet må intensiverast i 2018. Dei fleste nyheitene som vert publisert speglast ut på kommunen si facebook-side. Dette gjer at ein treff fleire brukarar.

### **Beredskap**

Kommunen har hatt beredskapsøving i regi av Fylkesmannen der tema var ekstremver og utfall av ekom. Kommunen har gjort ei rekkje tiltak for å auke robustheita etter orkanen Dagmar, men ein ser at meir må på plass. Kommunen har befolkningsvarslingssystem for dei med registrert adresse i kommunen. I 2017 fekk ein også tilgang til å sende ut lokasjonsbasert, dvs til alle som oppheld seg innanfor eit geografisk område.



## **IT**

Kommunen kjøper tenester frå eKommune Sunnmøre, budsjettansvaret er lagt til leiar for fellestenestene. IT er eit gjennomgåande område for heile organisasjonen, og det er viktig med plan for oversikt og framdrift. Frå 2018 er samarbeidet med eKommune knytt til rein drift, sidan strategi- og bestillarleddet har opphøyr.

### **Infrastruktur:**

Gjennom året har det vorte utført investeringar i ny infrastruktur til pleie-omsorg Valldal og Eidsdal og Eidsdal skule. Kabling er gjennomført og vil gi eit meir stabilt nettverk som er ein føresetnad for bruk av dagens IT-teknologi. Dermed blir det eit godt trådløst nettverk i alle desse bygga.

## Økonomiske resultat fellestene

Fellestene	Regnskap 2017	Budsjett 2017	Avvik	Avvik i %
Fellestener	9 044 169	8 675 000	369 169	4
Flyktingteneste	349 101	282 000	67 101	24
Beredskap	653 633	406 000	247 633	61
<b>Sum</b>	<b>10 046 903</b>	<b>9 363 000</b>	<b>683 903</b>	<b>7</b>

Avvik skuldast m.a.:

- Omfattande arbeidsmiljøsak (ansvar 1850)
- For liten ramme på nokre ansvar (1901 og 1300/1310)
- Div. budsjettreguleringar gjennom året i høve opprinneleg budsjett på nokre ansvar, m.a. ansvar 2750

## Utfordringar i tida som kjem

### Fellestene 2018:

- *Langsiktig planlegging og samordning fram mot 2020 både internt i organisasjonen og i felles arbeidsgrupper, Fjord.*
- *Etablering og implementering av nye system*
- *Ordning og avlevering av eldre arkivmateriale etter nøyaktige retningsliner som gjer det mogleg å registrere det i «Asta».*

*Vidare arbeid med integreringsarbeid for flyktingane etter introduksjonsprogrammet.*

## Skule, barnehage, kultur og barnevern

### Mål

#### Mål for ansvarsområdet – kort skildring av tenestene og måloppnåing

---

I tråd med nasjonalt lovverk og lokalt planverk, skal brukarane oppleve at dei får dei tenestene dei har krav på og rett til.



### **Skule:**

Opplæringa i grunnskulen skal, i samarbeid med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane historisk og kulturell innsikt og forankring. Den skal byggje på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og utvide kjennskap og forståing av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon. Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald, vise respekt for den einskilde si overtyding, fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte. Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng samtidig som dei lærer å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Elevane skal ha medansvar, rett til medverknad og skal møtast med tillit, respekt, krav og utfordringar som fremjar danning og lærelyst.

### **Barnehage:**

I barnehagane skal det enkelte barn oppleve mestring, leik, læring, kjenne seg inkludert og likeverdig og bli tatt i mot og ivaretatt på ein god måte. Alle skal verte høyrte og få ytre meininger si. Dei tilsette skal oppleve glede over arbeidet, stoltheit over yrket og arbeidsplass, og ha meningsfulle arbeidsdagar, der kompetanse, interesser og evner skal nyttast og utviklast. Foreldre og føresette skal vere viktige samarbeidspartnarar og oppleve muligheiter til medverknad i det daglege arbeidet.

### **Kultur:**

Verksemda kultur ønskjer å vere ein bidragsytar i arbeidet med å skape det gode liv i Norddal – livskvalitet i samspel med natur og kultur.

Vi skal marknadsføre og utvikle Norddal kommune som ein god kommune å vekse opp i, og ein god kommune å busette seg.

For å lukkast med dette må ein styrkje samhandlinga med frivillige lag og organisasjonar.

Kultursektoren femner om tenester som har mykje å seie for trivsel og livskvalitet; Bibliotek, Frivilligsentral og musikk- og kulturskule.

### **Barnevern:**

Norrdal kommune er med i interkommunalt barnevern; Storfjorden Barnevern, saman med Skodje, Ørskog og Stordal.

### **PPT:**

Norrdal kommune er med i interkommunalt PP-teneste; Storfjorden PPT, saman med Skodje, Ørskog og Stordal.

---



### **Sektor oppvekst og kultur:**

Etter omorganisering til sektornivå, femnar denne sektoren no om skule, barnehage, sfo, vaksenopplæring, kultur- og musikkskule, frivilligsentral, kulturadministrasjon og bibliotek. I tillegg har sektoren ansvar for samarbeidsavtalane med Storfjorden PPT og Storfjorden Barnevern.

### **Skule:**

Det er to kombinertskular i kommunen: Eidsdal skule med om lag 53 elevar og Valldal skule med 153 elevar. Begge skulane tilbyr SFO. Vaksenopplæringa er lagt administrativt til Valldal skule.

Grunnskulane i Norddal har over fleire år levert grunnskulepoeng heilt i landstoppen, og elevundersøkingane syner god utvikling i høve trivsel, støtte frå lærarane og mobbetal. Læringskultur og elevmedverknad kan endå verte betre. Viser elles til *Tilstandsrapport for grunnskulen i Norddal 2016*.

### **Vaksenopplæringa:**

Har hatt mange brukarar siste året. Inntektene/refusjon frå IMDI i samband med flyktningar som deltek i Introduksjonsprogrammet er vanskeleg å kalkulere. Etter mottak av flyktningar måtte det tilsettast ein lærar for undervisning. Eininga har ikkje fått kompensert for denne meirkostnaden.

### **Sfo:**

Tal brukarar varierer. I Eidsdal er tal brukarar auka litt siste året. Tal brukarar i Valldal er synkande. Dette fører til reduserte inntekter samstundes som ein må ha same personalressursen.

### **Barnehage:**

Det er to barnehagar i kommunen: Dalsbygda barnehage med 17 barn og Syltebøen barnehage med 51 barn. Begge barnehagane har ledig kapasitet.

I Dalsbygda barnehage varierer barnetalet slik at ein balanserer i høve behov for deling av barnegruppa og regulering av bemanningsressurs. Syltebøen bhg har tre avdelingar etter nedlegginga av Fjørå.

### **Kultur:**

Det er tilsett kulturadministrator/rådgjever i 40% stilling som har ei koordinerande/rådgevande rolle innan kulturområdet.

---



**Frivilligsentral:**

Det er tilsett 50% stilling som leiar for Frivilligsentralen. Administrasjonen i kommunen nyttar Frivilligsentralen til administrative oppgåver der det frivillige er representert. Frivilligsentralen er flytta til rådhuset.

**Kultur- og musikkskule:**

Det er omlag 3,0 stillingar og 100 elevar i kultur- og musikkskulen. I tillegg til ordinær musikkundervisning leverer ein tenester til korpsa i kommunen. Det er eit godt samarbeid mellom kulturskulen og grunnskulane i kommunen, spesielt med tanke på planlegging, øving og gjennomføring av kabareen. Det er no etablert felles kulturskulerektor saman med Stordal kommune.

**Bibliotek:**

Det er 1.36 stilling i biblioteket. Ei del av personalressursen i Eidsdal vert nytta på Eidsdal skule. Biblioteket har stort utlån. Ein har etablert fleire aktivitetar knytt til biblioteket.

**Barnevern:**

Stabilt i høve tal saker, men kompleksiteten i sakene er stor. Det er inngått avtale med Storfjorden Barnevern, der Skodje kommune er vertskommune for samarbeidet. Økonomisk er det store utgifter til tiltak, men administreringskostnadane er låge.

**PPT:**

Stabilt i høve til tal enkeltsaker, men kompleksiteten i ein del saker er omfattande og krev tiltak både på individ og systemnivå. Det er tilgang på logopedkompetanse i Storfjorden PPT, men det er likevel behov for kjøp av privat logopedteneste. Eigarkommunane bør utvide logopedstillinga til full stilling

Siste året har vi også fått ein del saker i barnehagane. Dette er svært bra, då ein ser verdien av å kome tidleg inn når ein ser behov for ekstra oppfølging av barn med ulike vanskar. Dette sparar oss for utgifter og utfordringar seinare i skuleløpet.

---

## Årsverk

Reduksjon på om lag 2 årsverk i løpet av året.

Oppvekst og kultur	2014	2015	2016	2017-18
Valldal skule/SFO/VO	29,0	31,3	30,7	32,8*
Eidsdal skule/SFO	12,4	12,0	11,9	11,4
Dalsbygda bhg	4,3	4,7	4,7	4,4
Syltebøen bhg	14,4	13,4	14,0	11,0**
Kulturskulen	3,1	3,0	3,0	2,85
Kulturadm.	1,5	0,5	0,3	0,3
Frivilligsentral	0,5	0,5	0,5	0,5
Bibliotek	1,4	1,4	1,4	1,4
	66,6	66,8	66,5	64,65

\* Auka årsverk grunna spesialpedagogisk undervisning og meir vaksenopplæring

Vi mottek refusjon for andre kommunar på noko av årsverka

\*\* La ned avd. i Fjørå

## Økonomiske resultat

Skule, barnehage, kultur og barnevern	Regnskap 2017	Budsjett 2017	Avvik	Avvik i %
Fellesområde skule/bhg	2 301 279	2 469 500	-168 221	-7
Valldal skule	19 109 275	17 996 500	1 112 775	6
Eidsdal skule	7 904 640	7 785 000	119 640	2
Dalsbygda barnehage	2 282 488	2 118 000	164 488	8
Syltebøen barnehage	5 639 246	5 295 000	344 246	7
Kulturskulen	1 188 225	1 123 000	65 225	6
Kultur	175 694	450 000	-274 307	-61
Frivilligsentralen	285 104	388 000	-102 896	-27
Bibliotek	933 185	824 000	109 185	13
Barnevern	1 592 515	1 870 000	-277 485	-15
<b>Sum</b>	<b>41 411 650</b>	<b>40 319 000</b>	<b>1 092 650</b>	<b>3</b>

## Utfordringar i tida som kjem

Det er ei stor utfordring i å balansere inntekter og utgifter i drifta av sektoren. I samband med at inntektene har gått kraftig ned dei siste åra, har rammene til den enkelte eining vorte stadig knappare. At det no er knappe ressursar i einingane, avgrensar moglegheita til å sette inn ressursar til tidleg innsats, spesielt i skulane. Ein har gode erfaringar med å sette inn

tilstrekkeleg med ressursar i dei minste årsstega, for å spare seg for ekstra utfordringar og utgifter til ekstraordinære tiltak seinare i utdanningsløpet.

Det vil vere store vanskar med å rekruttere nye medarbeidarar med formell kompetanse i nær framtid. Samstundes som krava til undervisningskompetanse i skulane er innskjerpa, vil vi ha fleire tilsette i skulen med brei undervisningskompetanse som vil gå av med pensjon i løpet av dei komande åra.

I samband med kommunereforma vil det verte behov for å finne framtidige samarbeidsstrukturar innan både PPT (Ørskog vertskommune) og Barnevern (Skodje vertskommune).

Tilpassing av drifta og reduksjon i bemanningsressursen i samband med redusert barnetal.

Bemanningsnorma som no er innført kan ved enkelthøve krevje ekstra lærar.

## **Helse og omsorg**

### **Mål**

Helseavdelinga har ansvaret for kommunale/off. legeoppgåver, fastlegeteneste, helsestasjon for barn og unge, fysioterapi, ergoterapi, psykiatrisk sjukepleie og folkehelseteneste . Leiar av eininga er kommuneoverlegen.

Sjukeheimen har ansvaret for, langtidsopphald, korttidsopphald, avlastning på sjukeheim, skjerma eining for-demente, dagopphald, nattopphald og terminalpleie. Eininga har eigen einingsleiar.

Heimetenesta har ansvaret for heimesjukepleie inkludert praktisk hjelp i heimen, miljøterapeutiske tenester til personar med nedsett funksjonsevne i tilrettelagd heildøgns opphald, dagtilbod for demente, tilbod om m.a brukerstyrt personleg assistanse, støttekontakt, omsorgsstønad og middagsombringning. Eininga har eigen einingsleiar.

NAV er ei samorganisering av kommunale og statlege tenester og gir eit avgrensa tilbod innanfor sosiale tenester.

### **Hovudmålet for sektoren er:**

Kommunen skal sørge for at alle som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester.

Når det gjeld dei konkrete delmåla, blir det vist til sektorplanen for 2017.

### Årsverk

Redusert med om lag 6,4 årsverk siste tre åra.

Helse og omsorg	2014	2015	2016	2017-18
Helse og omsorg				
Fellesområde helse/PLO		1,0	2,0	1,5
Helse	9,0	8,6	8,6	7,6
God helse		0,5	0,5	0,5
Kraftsenteret		0,5	0,5	0,0
Sosial-NAV	1,0	1,0	0,5	0,0
Pleie og omsorg – heimet.	37,5	37,9	33,2	36,2
Pleie og omsorg – instit.	40,5	38,7	34,5	35,8
Sum Helse og omsorg	88,0	88,2	79,8	81,6

### Økonomiske resultat

Helse og omsorg	Regnskap 2017	Budsjett 2017	Avvik	Avvik i %
Fellesområde helse/PLO	1 571 968	1 397 000	174 968	13
Helse	7 644 276	8 674 000	- 1 029 724	-12
Sosial-NAV	1 278 742	1 119 000	159 742	14
Pleie og omsorg - heimetenester	22 821 865	20 210 000	2 611 865	13
Pleie og omsorg - institusjon	22 480 131	20 322 000	2 158 131	11
Sum	55 796 982	51 722 000	4 074 982	8



### Utfordringar i tida som kjem

- Ein må gå vidare med dei dei forbetningsområda som har vorte valde ut og seinare skrive ned i årsplan i eining for heimetenesta og sjukeheim for 2018 som særskilde prioriterte område. Dette krev ei strukturert leiing som ser det nødvendige med også å arbeide med langsiktige oppgåver.
- Omstille seg til heile tida å vurdere kva som rett tenestetilbod, Det er utarbeida nye omtalar for dei ulike tenestene og kriterier for desse. Det er og utarbeida og iverksett eit nytt søknadskjema for søknad om tenester innan for pleie – og omsorg. Omtalane og søknadskjema ligg ute på heimesida til kommunen.
- Auka krav til produktivitet vil krevje evne til nytenking og omstilling i sektoren.
- Ei vesentleg vanske er å rekruttere til ledige stillingar. Alle tilgjengelege reiskapar i dette arbeidet må takast i bruk; frå eigen løns- og personalpolitikk til eksternt rekrutteringsarbeid og interkommunale samarbeidstiltak. Rekrutteringsplan må lagast. Talet sjukepleiarar må aukast. Arbeid med å redusere sjukefråværet må ha sterkt fokus også i åra som kjem.
- For helseavdelinga gjeld det særskilt å halde tritt med dei krava til innhald og kvalitet som er varsla, og er planlagt som lovkrav for den kommunale helsetenesta.
- For både institusjon og heimetenesta gjeld at ein må sikre seg å vere ein del av den velferdsteknologiske utviklinga.
- Omstilling er nøkkelordet for pleie og omsorg-med stadig og meir krevjande sjukepleie både i heimen og på institusjon.
- Grunna stort behov for sjukeheimplassar har det sidan november 2017 vore overbelegg på sjukeheimen. Ein ser behov for fleire bemanna omsorgsbustadar.



### Teknisk, næring og miljø

#### Mål for eit samla TNM

- Eit mål skal alltid vere å klare utfordringane knytt til vedteke budsjett. Det har vore skore ned på driftsmidlane, og oppgåveløysinga vert sett under stort press.
- Målsetting for eininga vert å halde tidsfristar og vere ajour i sakshandsaminga. Ein vil arbeide framoverreta og fortsette med administrativ likebehandling i saker.
- Verdibevaring av eigedomar ved rett drift og vedlikehald. Tilfredstillande drift på eit minimalt areal.

#### Mål for næringsarbeid, viltforvatning, miljø- og naturforvaltning

Næringsarbeidet omfattar tradisjonelt landbruk og anna næringsarbeid. Ulike tilskotsordningar innanfor desse områda tilfører kommunen ca 30 mill kr kvart år. Dette er eit viktig bidrag med omsyn til busetnad og næringsaktivitet.

## Årsmelding 2017

Strategisk Næringsplan som vart vedteke av kommunestyret 23.06.2016, har denne målformuleringa:

«Norddal kommune skal stimulere til eit lønsamt, nyskapande og berekraftig næringsliv som primært tek utgangspunkt i næringar som har naturlege konkurransefortrinn i området.»

Vidare er det utforma 3 delmål:

1. Fleire og meir overlevingsdyktige bedrifter
2. Fleire arbeidsplassar
3. Auke folketalet med minst 50 innbyggjarar

Det tradisjonelle landbruket er for det meste styrt av sentrale målsettingar, og kommunen må følge desse. Kommunen kan etablere sine egne prioriteringar så lenge dei er innanfor sentrale vedtekter, forskrifter og retningsliner. Dette har ein mellom anna gjort innanfor SMIL- ordninga, skogforvatning og viltforvaltning. Kommuneplanen legg også klare føringar på kommunen sine satsingsområde.

## Årsomtale 2017

Kort samandrag av dei viktigaste sakene:

- Stort sauetap som skyldast jerv i store delar av kommunen. Ca kr 300.000,- utbetalt i erstatning
- Frå næringsfondet vart det løyvd kr 45.000,- til 5 fullmaktsaker og 12 søknader fekk løyvd i alt kr 515.900,- frå næringsfondstyret
- Løyvd kr 216.000,- til 6 SMIL- prosjekt.
- Nordre Sunnmøre Landbrukskontor sa opp skogbruksavtalen mot slutten av året.
- Nærings sjefen fekk tillagt arbeidet med flyktingar sommaren 2017. Dette gjekk ut over dei andre arbeidsoppgåvene som skulle gjerast.
- Arbeidet omfattar eit stort spekter av oppgåver innan landbruk, forvaltning av næringsfond, viltarbeid, skogforvaltning, miljø- og naturforvaltning. Desse viktige oppgåvene skal løysast innanfor ei ramme på 1, 5 årsverk. Tradisjonelle landbrukssaker er framleis leiande når det gjeld arbeidsmengda for dei tilsette.

## Utfordringar i tida som kjem

Den største utfordringa vil vere å finne gode løysingar for næringsarbeid og forvaltning av naturressursane i nye kommunestrukturar. Ei slikt arbeid blir krevjande, men det opner også for nytenking og kreativitet. Det vil framleis vere behov for interkommunale kontaktar og løysingar for å sikre gode fagmiljø og god forvaltning ut over etablerte kommunegrenser.

Av andre viktige utfordringar kan nemnast:

- Ei rovilvforvaltning som gjer det mogleg å satse vidare på sauehald i kommunen
- Alle hjorteviltvald må kome med i eit bestandsplanområde
- Auka satsing på jordvern både i plansaker og einskildsaker
- Bidra til at ungdommen etablerer seg i lokalmiljøet og får høve til å utvikle nye og framtidsette idear
- Legge til rette for vidare satsing på lokalmat og turisme

- Bidra til at forvaltninga av Reinheimen og Verdsarvområdet blir ivareteke, og at dette arbeidet kan gi rom for utvikling av miljøbasert reiseliv og anna næringsaktivitet
- Handtere digitale løyvingar slik at dette ikkje kjem i konflikt med viktig og god menneskelg kontakt for å løyse lokale utfordringar.



### Mål for TSSN

TSSN – teknisk samarbeid mellom Stordal og Norddal kommune vart etablert frå 01.01.11, og har seinare vorte formalisert gjennom permanente avtalar mellom kommunane. Avdelinga har ansvar for områda plan (reguleringsplan og kommuneplan), bygg (byggesakshandsaming) og oppmåling (matrikkelsaker, målegrunnlag, kartverk). Arbeid med grunnverv er lagt til avdelinga. Brannvern, feiing og oljevern er og lagt til avdelinga. I tillegg har avdelinga hatt fleire oppgåver på investeringsida med planlegging og gjennomføring av anlegg.

Har vidare ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunaltekniske oppgåver som veg, vatn, avløp, renovasjon, park og anlegg samt eigen maskinpark.

### Årsverk

TNM	2014	2015	2016	2017-18
Fellesområde		1	1	1(0)
Teknisk drift	4	4	4	4
Plan Bygg Oppmåling	1	2	2	2
Brannmannskap		0,7	0,7	0,7
Næring	2	2	1,5	1,6 (1,5)
Eigedomsforvaltning	12,4	10,4	8	10,4(9,4)
Sum årsverk	18,0	19,47	17,2	19,9 (17,8)

Frå 01.10.17 har stilling som kommunalsjef stått vakant. Stilling som formann teknisk drift har ikkje vorte lyst ut etter at den som var i stillinga gjekk av med pensjon 31.12.17. Har vore erstatta med intern overføring frå eigedomsforvaltning. Redusert ressurs med 0,1 årsverk for støttetjenester landbruk frå 01.01.18



Årsverka viser ikkje reelt disponibelt mannskap i avdelinga. Samarbeidet med Stordal kommune gjer at ingeniørar i TSSN vert fakturert mellom kommunane etter fordelingsnøkkel basert på folketal. Dette gjer at tabellen for Teknisk drift og PBO vert slik:

<u>Stillingar i TSSN</u>	<u>Norddal</u>	<u>Stordal</u>	<u>Årsverk</u>
Planleggjar	60 %	40 %	1
Byggesak / brannleiar Norddal	60 %	40%	1
Ingeniør FDV	60 %	40 %	1
Oppmåling/ matrikkelføring	60 %	40 %	1
Byggesak /brann Stordal	30 %	20 %	0,5
Konst. teknisk sjef Stordal	60 %	40 %	1

Tilsettingsforhold Stordal 2,5 årsverk, Norddal 3 årsverk.





### Økonomiske resultat

Teknisk, næring og miljø	Regnskap 2017	Budsjett 2017	Avvik	Avvik i %
Fellesområde TNM	759 737	898 000	-138 263	-15
Teknisk drift	4 855 243	4 350 500	514 581	12
TSSN	498 858	0	498 858	0
Teknisk drift - sjølvkost	237 903	-541 000	778 903	-144
Plan bygg oppmåling	805 023	1417 000	-611 977	-43
Brann og oljevern	3 337 841	2 866 000	485 047	17
Næring	930 422	438 500	491 922	112
Eigedomsforvaltning	10 044 603	8 505 000	1 588 039	19
<b>Sum</b>	<b>21 469 629</b>	<b>17 934 000</b>	<b>3 607 108</b>	<b>21</b>



### Årsmelding TSSN

Stillinga som oppmålingsingeniør hadde pappapermisjon, dels permisjon utan løn i starten av året 1.jan til 15.april. Oppmålingsingeniør sa opp stillinga si og slutta 1.oktober. Ny ingeniør vart tilsett frå same dato. Avdelinga har elles hatt ytterlegare ei administrativ stilling vakant heile 2017 etter at leiar for TSSN først hadde permisjon, og seinare sa opp si stilling. Dette har påverka avdelinga sin kapasitet både i dagleg drift og for prosjektgjennomføring.

I 2017 vil ein elles nemne dette:

- Arbeid i samarbeid med planar for massedeponi FV.63 Korsmyra - Indreide
- Skisseprosjekt Hjellevegen
- Opprydding og asfaltering etter ras/flaumskader Lingeåsen/Murhøgda
- Grunnforhandlingar for nytt grunnvassanlegg
- Arbeid med planregister/planstrategi
- Kurs/opplæring for driftsoperatør vassverk
- Sikringsarbeid Raudebrua

## Årsmelding 2017

- Arbeid med reguleringsplan Syltemoa
- Arbeid med reguleringsplan Tafjord friluftsbad
- Vedteken reguleringsplan for Solfjord
- Arbeid med energi og klimaplan
- Arbeid med ROS-analyse
- Gjennomføring av brannøvingar begge brannverna og feieteneste (feing/tilsyn).
- Innkjøp og klargjering av ny tankbil til Valldal
- Kurs/opplæring for brannmannskap Valldal og Eidsdal «medan vi ventar på ambulansen»
- Kontinuerleg utført oppgåver innan oppmåling/deling, byggesak, dispensasjonssøknader/saker, søknader/ sal av kommunale tomter, abonnement vatn/avløp/ renovasjon, gatelys og vegar.
- Bistand ved ulykke Muldalsfossen

## Årsmottale eigedomsdrift

- I 2017 vart eigedomsdrifta leia av kommunalsjef for Teknisk, Næring og Miljø.
- Den gamle skulen / barnehagen i Fjørå vart seld til privat bruk som bustad..
- Martin Linge-huset med idrettshall , kultursal ,kulturskule, har vore i full drift dette året og det er hausta erfaringar frå drifta og anlegget har fått god mottaking hjå brukarane.
- Ved omsorgsbustadane i Eidsdal er det gjort arbeidsmiljøtiltak for personale med betring av pauserom / garderobar og kontor til leiar.
- Ved Eidsdal skule er det remontert / gjort gjenbruk av den heisa som vart demontert ved bygging av Martin Linge huset..
- Tafjord Friluftsbad hadde ein normal sesong med ca. 7500 besøkande.
- Frivilligsentral og dagsenter er flytta frå kraftverkbygget til rådhuset og Valldal sjukeheim.
- Reinhold og forefallande vedlikehald av kommunale formålsbygg er utført som planlagt gjennom året.



### **Utfordringar i dei næraste åra for eit samla TNM**

- Halde oppe tempo i høve digitalisering og raske endringar i arbeidsoppgåvene
- Samkøyring av funksjonar ved bygging av ny kommune
- Mange lovpålagde oppgåver som vert utfordrande å klare etter nedskjeringar
- Veg og overflatevatn har store utfordringar etter at vi får meir ekstremver
- Brann ser ei utfordring i å rekruttere deltidsmannskap, færre innbyggjarar å velje i.
- Planlegging, utfordrande å arbeide med gamle saker, ynskjer å utvikle og kome vidare
- Å bli sitjande med bygg som ikkje vert nytta
- Bustadar for kommersiell utleige og behovsbustadar til ulike typar brukarar.
- Høg gjennomsnittsalder i avdelinga, og utfordrande å klare overføringa av kunnskap til neste generasjon i ein hektisk kvardag.
- Implementere IK-Bygg i drifta. Ikkje dyrt, men omfattande å implementere. Kan legge inn for både teknisk drift og byggdrift .(60% av alle kommunar har dette i bruk)
- Med stadig nytt og meir omfattande regelverk å forhalde seg til, kan det sjå ut som at ein i framtida vert nøydd å gjere hardare prioriteringar i høve lovpålagde/ikkje lovpålagde oppgåver.

### **Utfordringar for TSSN i tida som kjem**

Etter fleire år med samarbeid arbeider ein fortsatt mykje etter to «system», grunna to kommunar med ulik oppbygning og struktur.

I samband med vedteken kommunesamanslåing mellom Norddal og Stordal, bør ein no byggje vidare på opparbeid erfaring med samarbeidet. Det må no leggast større vekt på å dra nytte av dei samdriftsfordelane som er tilstade. Nemner særleg då utvikling av sams planverk, retningslinjer, saksmalar, gebyrregulativ, datasystem etc.

Det har vore arbeidd for å rekruttere ingeniørar til ledige stillingar. Dette har ikkje lukkast enno.

Ein står elles føre eit etterslep på asfaltering og vedlikehald kommunale vegar.

**Kommunestyret - saker i 2017**

Adm.enh	Sbh	Journaltittel	Saksnr
RÅDM	ANNY	Kontrollrapport 2016 vedrørende skatteoppkreverfunksjonen i Norddal kommune	'002/17
TNM	HIDY	NKOM Tilskudd 2017	'003/17
HELSE	MAUN	Pasient- og brukerombudets årsmelding 2016	'004/17
RÅDM	ANNY	Årsmelding Norddal kyrkjelyd 2016	'005/17
SERVT	BEOS	Forslag på medlem/varamedlem til lokal militær skjønnsnemnd	'006/17
SERVT	BEOS	Stranda kommune - Framlegg på medlemmar og varameldmmar til lokal militær skjønnsnemnd - kopi	'007/17
SERVT	BEOS	Uttale frå eldrerådet til Årsmeldinga 2016 - Norddal kommune	'008/17
RÅDM	THST	Møtebok kontrollutvalet 04.04.2017	'009/17
RÅDM	THST	Møtebok 27. juni 2017 - Kontrollutvalet	'010/17
RÅDM	THST	Møtebok 15.05.2017 - Kontrollutvalet	'011/17
ORDF	ARSA	Alternativ til mobildekning i området Trollstigen	'012/17
SERVT	BEOS	Avvikling av kommunale heimevernsnemnder	'013/17
KULT	KRST	Skjergardsteneste i Møre og Romsdal	'014/17
RÅDM	THST	Særutskrift - Val av revisor for fellesnemnda - sak 15/17 Kontrollutvalet i Norddal	'015/17
RÅDM	THST	Tilbod om kjøp av skuleplassar for elevar ved Liabygda skule	'016/17
ORDF	ARSA	Norddal/Eidsdal - grensejustering eller deling?	'017/17
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'018/17
SERVT	BEOS	Referatsaker	'019/17
RÅDM	ANNY	Overføring av investeringsmidlar frå 2016 til 2017	'020/17
RÅDM	THST	Servicebygg Sylte hamn - kriterier for utlysning	'021/17
TNM	MAHO	Oppheving av vedtak - Detaljregulering Solfjord	'022/17
TNM	MAHO	Oppheving av vedtak: Reguleringsplan Jamtegarden	'023/17
SERVT	BEOS	Massedeponi i Eidsdal vedk. ny tunell på Fv 63, Korsmyra til Indreeide - uttale frå Norddal kommunestyre	'024/17
RÅDM	KABI	Skulerute for grunnskulen i Norddal kommune 2017-2018	'025/17

## Årsmelding 2017

SERVT	BEOS	Årsmelding 2016 - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Norddal	'026/17
SERVT	BEOS	Årsmelding for 2016 - Norddal eldreråd	'027/17
SERVT	BEOS	Klage på vedtak frå Norddal kommune - Endringar i lensmannsdistrikt og tenestestader i Møre og Romsdal	'028/17
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'029/17
SERVT	BEOS	Referatsaker	'030/17
TNM	HIDY	Informasjonssenter servicebygg Sylte	'031/17
TNM	HIDY	Breiband til alle i Norddal kommune - når og korleis	'032/17
TNM	LASM	Lokal forskrift om lovfesta feiing og tilsyn av fyringsanlegg og gebyr for feiing og tilsyn - Norddal kommune	'033/17
SERVT	BEOS	Val av representantar til styret i Storfjord helsesenter AS	'034/17
SERVT	BEOS	Oppnemning av røystestyre for Stortingsvalet 2017 - delegering til valstyret	'035/17
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'036/17
SERVT	BEOS	Referatsaker	'037/17
RÅDM	ANNY	Finansrapport 2016	'038/17
RÅDM	ANNY	Godkjenning av årsmelding og rekneskap for 2016	'039/17
KULT	BJKL	Godkjenning av årsmelding 2016 for Frivilligsentralen i Norddal	'040/17
TNM	MAHO	Godkjenning av planstrategi for Norddal kommune 2017-2020	'041/17
RÅDM	KABI	Språkbruksplan Norddal kommune	'042/17
SERVT	BEOS	Suppleringsval - Kontrollutvalet	'043/17
SERVT	BEOS	Fjellstyre for perioden 2015-2019 - suppleringsval	'044/17
FELLES	MAGR	Skjenkeløyve Tafjord Båthavn og Bistro AS	'045/17
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'046/17
RÅDM	ANNY	Tertialrekneskap 30.04.2017	'047/17
RÅDM	ANNY	Finansrapport per 30.04.2017	'048/17
SERVT	BEOS	Plan for forvaltningsrevisjon 2017-2020 - Norddal kommune	'049/17
TNM	YNHO	Tilleggsbevilgning etter vasskade på Åsevegen, gangvegen ned mot Vollevegen og div. utskifting av stikkrenner	'050/17
RÅDM	KABI	Tilstandsrapport for grunnskulen i Norddal 2016	'051/17
FELLES	MAGR	Serveringsløyve og skjenkeløyve - Sail In AS	'052/17
PLO	MAOV	Lokal forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad	'053/17

## Årsmelding 2017

TNM	MAHO	Detaljregulering Solfjord - 2. gongs handsaming	'054/17
TNM	MAHO	Førespurnad om kjøp av areal i Djupøyna - Remseth Eiendom AS	'055/17
SERVT	BEOS	Møteplan 2. halvår 2017 for kommunestyret, formannskapet, planutvalet	'056/17
SERVT	BEOS	Opprop om nytt soningscenter på Sunnmøre	'057/17
RÅDM	THST	Demokratiprojektet - oppnemning av deltakarar til nettverk for folkevalde	'058/17
RÅDM	THST	Nytt kommunenamn for nye Norddal og Stordal kommune	'059/17
RÅDM	THST	Tal på medlemmar i det nye kommunestyret etter samanslåing av Norddal og Stordal kommunar	'060/17
RÅDM	THST	Samansetjing av og mandat til fellesnemnd for samanslåing av Norddal og Stordal kommunar	'061/17
RÅDM	THST	Val av revisor for fellesnemnda	'062/17
RÅDM	THST	K.sak 63/17: Oppretting av partssamansett utval for samanslåing av Norddal og Stordal kommunar	'063/17
RÅDM	THST	Oppnemning av arbeidsutval for samanslåing av Norddal og Stordal kommunar	'064/17
RÅDM	THST	Harmonisering av reglar for eigedomsskatt. Søknad om midlertidig unntak og gradvis innfasing av eigedomsskatt på verk og bruk	'065/17
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'066/17
SERVT	BEOS	Referatsaker	'067/17
TNM	MAHO	Førespurnad om kjøp av areal i Djupøyna - Remseth Eiendom AS	'068/17
SERVT	BEOS	Søknad om permisjon frå politikse verv	'069/17
SERVT	BEOS	Suppleringsval - vara til kommunestyret	'070/17
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'071/17
SERVT	BEOS	Referatsaker	'072/17
RÅDM	ANNY	Finansreglement - endring 2017	'073/17
KULT	AUOD	Søknad om kommunal medverknad - omlegging lysløype	'074/17
RÅDM	ANNY	Finansrapport per 31.08.2017	'075/17
RÅDM	ANNY	Tertialrekneskap per 2. tertial 2017	'076/17
RÅDM	THST	Oppløysing av den strategiske delen av eKommunesamarbeidet	'077/17
SERVT	BEOS	Suppleringsval - vara til formannskapet og valstyret	'078/17
TNM	ASEI	Tafjord skule - behandling av tilbod om kjøp B.sak	'079/17



## Årsmelding 2017

ORDF	ARSA	B.sak	'080/17
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'081/17
PLO	WESY	Omsorgsstønad	'082/17
RÅDM	THST	Kommunale vigslar frå 1. januar 2018	'083/17
ORDF	ARSA	B.sak	'084/17
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'085/17
SERVT	BEOS	Referatsaker	'086/17
RÅDM	KABI	Endring organisasjonsstruktur	'087/17
FELLES	MAGR	Personvernombod - deltaking i prosjekt 25.05.2018-31.12.2020	'088/17
RÅDM	KABI	Plan for tildeling av tenester for pleie og omsorg Norddal kommune	'089/17
SERVT	BEOS	Val av nytt medlem og varamedlem til Storfjorden kyrkjelege fellesråd	'090/17
SERVT	BEOS	Møteplan 1. halvår 2018 for kommunestyret, formannskapet, planutvalet	'091/17
FELLES	MAGR	Betalingssatsar 2018	'092/17
RÅDM	THST	Budsjett 2018 - Økonomiplan 2019 - 2021	'093/17